

Sunnylvingen

BLAD UTGJEVE AV SUNNYLVEN IDROTTLAG

SUNNYLVEN SPAREBANK

Ekspedisjonstider:
Mandag, tysdag, onsdag og
fredag kl. 08.30 – 15.30
Torsdag kl. 08.30 – 17.00

– bygda sin eigen bank

Hellesylt, fredag 5. november 1982

Nr. 21 – 5. årgang

OLE J. LILLESTØL NY A-TRENER?

Sunnylven har framleis ikkje skrive kontrakt med ny trener for A-laget framfor neste fotballsesong. Det er klart at trenaren denne sesongen, Olav Lillebø, ikkje tek oppgåva neste år, og at Ole Johan Lillestøl er førespurd om å ta trenarjobben.

Og tek du over som trener for 7. divisjonslaget neste år, Lillestøl?

– Det kjem an på, svarar Lillestøl, – om spelarane er viljuge til å satse maksimalt på neste sesong. Om alle vil møte regelmessig på trening og yte full innsats til kvar tid. Vi skal om kort tid ha eit spelarmøte, og dersom responsen på dette møtet er positiv, vil eg overveie å ta jobben som trener.

– Kva med spelarstallen til neste år?

– Vi reknar med å behalde dei fleste av spelarane frå i år, kanskje med unntak av eit par stykke. I tillegg får vi heim to spelarar frå militærteneste, og vidare vonar vi at strandaren Geir Vassbotn vil spele for oss når karantenetida hans går ut.

– Keeperplassen var eit problem siste sesong?

– Det stemmer. Vi har ingen nye namn på denne plassen, men, legg Lillestøl til, – det finst og gode talent i klubben



Ole Johan Lillestøl

sine egne rekker.

– Det blir eit ungt mannskap?
– Det blir det. Men vi trur at med skikkeleg organisering og full innsats kan vi vere blandt dei fremste i 7. divisjon. Målet bør vere klart: 6. divisjon i 1984!

– e.d.

Barnehagen fullteikna

– Dei bindande påmeldingane til ein eventuell barnehage i Sunnylvsbygda Grendahus er no komne inn til barnehagenemnda. Og det syner seg at barnehagen er fullteigna. 12 born er innmelde og det er det maksimale ein kan ha i den planlagde barnehagen. Det er sekretær for den komm. barnehagenemnda, Olav Slettebak som opplyser dette til »Sunnylvingen».

Slettebak fortel vidare at barnehagenemnda skal motast i komande veke. Og etter det møtet vert det klart om nemnda vil tilrå oppstarting av barnehagen. Etter det ein har grunn til å tru, vil nok nemnda tilrå dette, og Slettebak seier at han i så fall vil tilrå at det vert valt eit interrimstyre mellom foreldra til å stå for oppstartinga.

Når barnehagen no er fullteigna, skulle vi tru at det berre skulle kunne vere dei reint økonomiske argumenta frå kommuna si side som skulle hindre oppstarting av barnehagen. Men sidan dette vert den langt billegaste barnehagen i kommunen, burde sjansane vere gode for at han skal bli ein realitet.

V-seksar til Sunnylven

Interessa for Riks-toto spelet berre aukar i bygda, fortel ein velnøgd poststyrar Håns Rudi, som og kan fortelje at det siste veke var ein spelar med seks rette, som sikra seg rundt kr. 2.000. Det er dessutan fleire som har fortalt om fem rette. Dette stimulerer nok interessa, sjølv om premiane har vore små. Omsetninga frå første speleomgang er meir enn fordobla denne veka, seier Rudi.

Budsjettet redusert med 1,8 mill. kr.

Som vi fortalde i førre nummer er Stranda Kommune komen opp i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Grunna svikt i skatten i samband med avrekninga og ein generell skattesvikt, har formannskapet sett seg som mål å redusere budsjettet med om lag 1,8 mill. kroner. Kommunestyret handsama saka i går, men grunna trykktida, kan vi ikkje få med deira vedtak i dette nr. Tala vi refererer til er difor dei formannskapet har gått inn for.

For å kome fram til den reduseringa ein ønskjer, har etatsjefane fått pålegg om å foreta reduseringar på til saman kr. 450.000, og ymse andre postar er foreslått reduserte med til saman 100.000,–

Skatteanslaget er sett ned med vel 1.2 mill. kroner og det fører til at ymse tilskot der kommunestyrevedtak er naudsynt, vert redusert med vel kr. 390 tusen. Budsjettet er redusert med nesten 413 tusen og det vert søkt om avdragsutsetjing for 1. kvartal med 383.000. Over-

førte løyvingar vert reduserte med kr. 100.000.

Reint konkret tyder dette at ein god del vedlikehaldsarbeid skal stansast, tidlegare vedtak om betaling av renter og avdrag til lån til lag og organisasjonar vert oppheva. Teknisk etat set i verk innsparingar på vegvedlikehaldet. Det skal ikkje opprettast eller utlysast nye stillingar fram til 1.1.83. Annonsar og lysingar skal reduserast til eit minimum, og reglane for tenestetelefon vert teke opp

som eiga sak. Sal av gamle skulen på Hellesylt vert og teke opp. Like eins vert dei vedtekte reglane for vass- og kloakkavgifter teke opp i eiga sak. Finansierte nyanlegg som gjev inntekter til kommunen i form av refusjon, skal prioriterast.

Fleire andre tiltak er og nemnde i den lista som formannskapet har vedteke over stadar ein kan skjere ned for å kome til målet for reduksjonen på heile 1.836.321 kroner.

KVA FEKK DEI PÅ KROKEN?

Dei vart sterkt i villreie, Arnfinn Tryggestad og Knut Tryggestad, då dei fekk ein underleg skapnad opp i båten under linefiske midtjords utanfor Ljøen. Noko liknande som det Knut Tryggestad held opp på biletet her, hadde dei i alle fall ikkje drege opp før.



Knut J Tryggestad med den rare fangsten

Fisken – om det er ein fisk då – er om lag 1 meter lang. Dei fremste 20 cm er ljose, glatte og harde. Resten er dekt av ei hinne som på farge og utsjånad minner om den på ei sjøstjerne.

Fremst sit eit lite hovud og ut frå det går to »følehorn», mest som på ein snigel. Og det var desse følehorn som hadde tvinnast seg fast om lineangelen. Ja, så fast hang dei, at skapningen måtte ligge lenge i båten før det var råd å få han laus frå angelen. Dei to fiskarane er sjølv sagt interesserte i om nokon kan vite kva det er dei har fått på kroken.

Premieinntektene
våre blir plasserte i
bankane i distriktet
og kjem derfor
distriktet til gode.




INDRE SUNNMØRE
GJENSIDIGE
BRANNTRYGDELAG

Forsikringskontoret
for fjordbygdene


Tlf. 60 246 – 60 418
Stranda

SLIK VERT DEN NYE ALDERSHEIMEN



Den nye aldersheimen som er under oppføring, vil få ein facade mot aust (mot sjøen) som teikninga ovanfor viser. Aldersheimen vert ført opp i tre etasjar pluss kjellar. Han har ei lengd på 46,6 meter og ei samla netto golvflate på 2310 rutemeter, når vi reknar inn alle funksjonar som skal inn i bygget. Aldersheimen er kalkulert til 14.2 mill. kroner.

Ei kommunal plan- og byggenemnd har arbeidd med prosjektet, og på biletet til høgre har vi samla nemnda. Frå venstre: Holger Ludvigsen, Anne Gausdal, Oddlaug Ringdal, Erling Rusten, som er formann i nemnda, Hans Chr. Paulsen og Knut A Hole.



Skissa her viser romplanen i første etasje av aldersheimbygget. Her er det i tillegg til fellesrom som stover, kjøkken og spiserom seks husvære for pensjonærer. Dessutan lagerareal og bodar. Det svarte feltet er gangar og trapper. Til venstre på teikninga er hovudinngangane og legeavdeling.

Dei to etasjane over inneheld husvære for pensjonærer, og i kjellaren er det utanom tekniske anlegg, areal for fotpleie og hårpleie, aktivitetsrom og ein del udisponert areal.

Byggjetida for anlegget er rekna til om lag 1 1/2 år.

Sunnylvingen

Ansvarleg redaktør: Lars Fivelstad
Medarbeidar: Arne Inge Tryggestad
Adresse: Boks 21, 6218 Hellesylt
Bladpengar: Kr. 85,- pr. år.
Postgirokonto: 3 54 65 53
Bankgirokonto: 3974. 07. 02622
Sats og montasje: Trygg Trykk, Hellesylt
Trykk: Cylindertrykk, Sykkylven

Kyrkjelege handlingar



Døypte i Sunnylven Kyrkje: Hans Marius Ringdal, Gunnhild Fivelstad.

Den planlagde salmekvelden i kyrkja er utsett til 1. desember.

Kr. 12.000 på basar



Ei lukkeleg Linda Øksvang med den fine dokka.

Formannen i Sunnylvsbygda Grendalag, Fredrik Stadheim, kunne ønskje vel møtt til ein fullsett sal då laget hadde sin årlege basar med tombola. I si helsing kom han inn på den støtte grendalaget alltid får, og han retta ei spesiell takk til butikkar og bedrifter på Hellesylt, og til grendalaget sine medlemmar for dei mange fine gevinstane som var gjevne til basaren, kring 70 i det heile. Mellom desse var ting som broderte dukar og puter, hekla sengeteppe, slumreteppe, golvteppe, løpar og fleire senge-sett, berre for å nemne noko.

Men den aller finaste gevinsten var nok ei stor dukke i ekte Sunnmørsbunad. Grendalaget kunne også by på ein del program som song og musikk, lysbilete og diktlesing. Etter dette vart det selt brus, kaffi og kaker. Til slutt var det så trekning, og siste trekte gevinst, den fine dukka, vart til stor glede vunnen av Linda Eldbjørg Øksvang. Basaren gav ei brutto innkome på vel kr. 12.000,-, eit resultat som styret er svært godt nøgde med. Pengane skal gå til inventar og til vedlikehald av grenda-huset.

-k.m.

” AKTIVT SKOGBRUK ” I SUNNYLVSBYGDA

»Aktivt skogbruk« heiter ein kursserie som Skogbrukets skoginstitutt på Biri starta med i 1975. Her er fleire ulike kurstilbod, og motorsag/ tynning er eitt som nyleg har vore avvikla i Sunnylven. Tidlegare år har liknande kurs vore haldne i Liabygda og Stranda. Diverre var påmeldinga heller lita. Berre 5 deltakarar synte interesse for kurset, som gjekk over 4 dagar.



Instruktørar var skogreisingsleiar Roger Nedreklepp og sjefsinstruktør for Jobu, Håkon Eliassen.

Formålet med kurset er å gjere skogeigaren sjølv i stand til å avgjere når det bør tynnast og kor mykje. Dette kan ofte vere vanskeleg, og feil tynning kan i verste fall påføre feltet skader av snøfall, vindbrekk og liknande.

Kurset starta med teori om stell og vedlikehald av motorsag og tynningshogst. Seinare var det så praksis, det føregjekk i plantefeltet på Frøysa. Dette feltet er knappe 30 år gammalt, grana har grøn krone på to-tredjedelar av stamma, så det høvde med første tynning.

Tynningshogst er tid-

krevjande. Trevirket er heller tynt, og med ein pris på ca. kr. 200 pr. kubikkmeter til slip, vil daglona verte lita om terrenget i tillegg er ulendt der ein skal arbeide. Men her gav kurset fleire nyttige tips om korleis ein skal felle trea, bunte dei saman og så vinsje inn mange i eitt slep. Dette var svært viktig, for som Eliassen sa det: »Du skal ikkje sjølv vere hest.»

På lang sikt er tynning likevel god økonomi. Utan ein eller fleire tynningar, vil det verte for trangt mellom trea, det vil foregå ei sjølvkvisting, krona vil verte alt for lita og voksteren vil stanse opp.

Etter denne fyrste tynninga,

veks trea mest i vidda. 15 år seinare vil det ofte høve med ei ny tynning, og når feltet når 70 år, reknar ein det for hogstmode. Dette er basert på felt der jordboniteten er god, slik som i feltet på Frøysa.

Skogreisingsleiar Nedreklepp opplyser at etter dei plantingane som vart gjorde på 50 og 60-talet er det i Sunnylven mellom 40 og 50 da. plantefelt som det no skulle ha vore tynna kvart år framover. Han håper at dei som gjennomgjekk kurset hadde mykje nytte av det og at dei no vil praktisere det dei lærde.

Og deltakarar vi snakka med var svært godt nøgde. Kurset hadde gjeve dei nyttig lærdom både teoretisk og praktisk.

-k.m.

TUBFRIM:

- TOM FOR BRUKTE FRIMERKER

Frå Tubfrim kjem det på ny ei bøn til alle som samlar frimerke. VER VENLEG OG SEND OSS DET DE HAR så snart råd er. Vi har ei mengd tingingar som vi ikkje får ekspedert fordi vi manglar frimerke. No vonar vi at vi får inn rett mange i tida framover, slik at ventelistene kan reduserast. Sjølv små mengder er velkomne. Det er » dei mange bekkar små som gjer ei stor å ». Talet på frimerke vi får inn utgjer berre 5-6 merke pr. nordmann pr. år. Tenk om det talet kunne doblast? Kva for eit resultat skulle vi ikkje då få!

Grunna dei store portoutgiftene er det diverre ikkje mogeleg for oss å sende takk til dykk alle, i det utgiftene til dette ville bli for høge. Vi vil difor på denne måten få takke dykk alle hjarteleg.

Til slutt ei lita bøn til alle som ikkje samlar frimerke til oss: VER SNILL Å BEGYNN NO! La ikkje eit einaste frimerke gå i bøsset, men riv eller klipp med ein liten kant utenom merka, og send dei til oss. Vi gjer dei om i pengar. Heile overskotet (i fjor vart det kr. 300 tusen) kjem funksjonshemma

born til gode.

Med takk og vennleg helsing
TUBFRIM
3540 NESBYEN

Lions Club med bingo

Lions Club skipar til bingo på Samfunnshuset førstkomande søndag.

I samband med bingoen vert det og foreteke trekking i lotteriet til laget. Inntektene her går til humanitære formål. Vi viser til annonse.

AVSKILDSFEST FOR TRUFASTE GAMLE-GUTAR

Sist laurdag var ein del av old-boys løparane til Sunnlyven IL samla til hyggeleg samvær på Rafevold Hotell. Samstundes var dette avskildsfest for tre av dei beste stafettløparane til idrettslaget, Kjell Berge, Olav Heggen og Lars Petter Knivsflå. Dei vert frå neste år av å finne på Stranda sitt stafettlag.

Som takk for god innsats gjennom mange år, overrekte John Langeland desse blommar og ei litt spesiell medalje frå idrettslaget. Medalja var laga av einar og hadde innsvidd denne teksta: »Takk for god innsats 1978 - 82. Sunnlyven IL. Old-Boys.»

På ein spøkefull måte sa Langeland at etter denne dagen var

alle dei tre nemnde løparane som »fiendar» å rekne. Takkemedalja var laga av tre, og slike trong ikkje pussing. Det ville kanskje bli nok av premiar å pusse når dei no kom på nytt lag. Einer var likevel eit varugt treslag. Sjølv hadde han ein einestaur i ei høyhes som har stått ute i 40 år, og framleis var

stauraen like god. Vennskapet som hadde utvikla seg mellom løparane gjennom desse åra, ville og vare og det minst like lenge som medalja. Det var han sikker på, sjølv om dei for ettertida var på kvart sitt lag. Han ynskte dei lukke til, eit ynskje vi også sluttar oss til.

—k.m.



To av dei old-boys løparane som no forlet Sunnlyven IL, her fotografert saman med fruene sine. Frå v. Olav Heggen, Solbjørg Heggen, Kjell Berge og Bjørg Berge. (Foto: — k.m.)

Mot loysing for avlastningsbana ?

Vi har i «Sunnlyvingen» i tidlegare nummer følgd saka om avlastningsbana ved Sunnlyven skule, om ho skal få ligge som ho no ligg eller snuast i samsvar med kommunestyrevedtak. Sist måndag var idrettskonsulent Ingolf Mork på synfaring m.a. til dette anlegget. Etter drøftingar med representantar frå Sunnlyven IL, kom dei fram til følgjande framlegg som er sendt til Stranda formannskap: 1. Sunnlyven Idrettslag får bru-

ke bana mellombels slik ho ligg. 2. Bana vert snudd i samsvar med kommunestyrevedtaket når behovet for det melder seg. Kostnaden med ei slik snuing av bana, vert å dele likt mellom Stranda kommune og Sunnlyven IL.

I ein slik avtale ligg ikkje noko hefte på området, og Sunnlyven IL kunne med denne løysinga alt no få utbetalt midlar frå STUI slik bana i dag er

plassert. Desse pengane kunne SIL bruke til å setje opp lys og gjerde på bana.

Ei snuing av bana i framtida vil krevje utfylling i sjøen, og i brevet til Stranda formannskap peikar idrettslaget på at massa ein treng, kanskje kan skaffast billeg om nokre år, når Strekanetunnelen skal utvidast, og ein byrjar på ny innfartsveg til Hellesylt — ein veg som kanskje vert lagt i tunnel.



Avlastningsbana slik ho ligg i høve til Ole Ringdal a.s. sin fabrikk.

OVER 2000 PÅ FJELLTRIM I ÅR

Resultata for Fjelltrimmen ligg no føre, og dei syner at det også i år har vore bra med besøk på dei i alt 12 postane. I alt 2186 besøk er registrerte. Som tidlegare år er det Ingolf Ringdal av dei vaksne som har vore den flittigaste fjellvandraren. Han har sanka heile 271 poeng. Elles legg vi merke til unge Wenche Wollsæter som har trimma til fine 155 poeng.

Talet på besøk på dei ulike postane fordeler seg slik:		Ragnhild Rudi	45
Ljøbrekka	480	Brynhild Tryggestad	45
Skihelledalen	14	Margrete Matvik	40
Terdalen	60	Olav Helge Matvik	40
Tronstadsæter	75	Lars Ljøen	35
Kjellstaddalen	130	Stine Hellebostad	33
Skaret	215	Ole Petter Hellebostad	33
Steimsnibba	51	Sissel Hasle	30
Fagredalen	83	Årsklasse 1966 og eldre	
Åsenakken	33	Ingolf Ringdal	271
Vatnedalen	40	Jørgen Wollsæter	150
Fedalen	30	Odd Jostein Bjørdal	135
Stegolen	975	Sverre Nybø	103
Totalt	2186	Olave Bjørdal	100
Dei individuelle resultata ser slik ut:		Peder Vollset	100
1976 og yngre:		Roger Tryggestad	80
Wenche Wollsæter	155	Einar Stokke	76
Ann Kristin Wollsæter	70	John Langeland	75
Petrin Langeland	40	Klara Wollsæter	70
Stein Åge Ringdal	25	Lilli-Karin Ljøen	70
Årsklasse 1967 - 75		Hans Rudi	65
Knut Dag Langeland	130	Paul Tronstad	60
Andre Johan Ringdal	91	Oddmund Ljøen	60
Kari Anne Tynes	75	Arne Inge Tryggestad	58
Marianne Ringdal	70	Kari Hauge	56
Sigmund Hauge	66	Jenny Bjørdal	55
Ann Kristin Langeland	60	Randi Tynes	50
Lars Tore Stokke	58	Ann Karin Ringdal	50
Solgun Nybø	55	Arne Tronstad	50
Eventuelle protestar vert å sende til Einar Stokke, form. i trimgruppa.			



Ingolf Ringdal, fotografert på tur i Kjellstaddalen no i haust.

MINIATYR-KRUSET

Spaninga stig i skytinga om Miniaturkruset. Fem av dei seks skytingane er no ferdige, og før siste skyting, som går i morgon laurdag, leiar Egil Jarle Frøysa med to poeng før Arild Øksvang. Det er dei tre beste resultatata for kvar skyttar som er Elles kan vi legge til at alle som skyt tre skytingar vert premiererte, og 1/3 av desse igjen vil få diplom.		Ivar Fivelstad	716
Resultata for siste skyting:		Arne Storstein	714
Egil Jarle Frøysa	729	Nils Olav Frøysa	701
Arild Øksvang	727	Margrete Matvik	694
		Wenche Høgalmen	690
		Kjell Oddvar Frøysa	683
		Sindre Høgalmen	681
		Frank E Øksvang	674
		Olav Lade	673
		Ann Iren Høgalmen	672
		Asle Ringdal	671
		Olav E Gausdal	654
		Line Høgalmen	644
		Lars Ljøen	623
		Pål M Langeland	576

LILL BJØRDAL NY FORMANN I SKULEKORPSET

Årsmøtet i Sunnlyven Skulekorps vart halde på Sunnlyven samfunnshus torsdag 20. oktober. På møtet vart Lill Bjørdal valt til ny formann i korpset, etter Solveig Høgalmen. Skulekorpset kan sjå attende på eit aktivt år, og tel no 19 medlemmar. Aspirantkorpset har 12 medlemmar.

Formannen, Solveig Høgalmen, opna møtet med å ønske alle vel møtt. Deretter spela aspirantane, fiolinorkesteret »Sylvelin» og til slutt skulekorpset. Roger Tryggestad refererte årsmeldinga og rekneskapen, og det var ingen som kom med merknad til desse.

Siste året har det vore halde 6 styremøte. Aktiviteten har vore om lag som tidlegare år.

Den årlege basaren som korpset arrangerer gav ei brutto inntekt på kr. 8.000,-. 17. mai stod korpset for pil- og ballkasting, sal av is og brus. Dette gav ei inntekt til korpset på rundt kr. 8.500,-.

Korpset har spela offentleg på julekonserten, 17. mai og på årsmøtet. Musikkstemne har ikkje korpset vore med på i år. I staden vart det skipa til ein tur

til Oppdal i juni. Dei spela då i gatene i Oppdal sentrum.

Rekneskapen for året viser eit underskot på kr. 6.818,56. Likevel har korpset på konto vel kr. 16.000.

Styret rettar i årsmeldinga ei takk til alle som støttar laget økonomisk, både lag, organisasjonar, enkeltpersonar, bank og kommune.

Ei spesiell takk til dirigenten



Styremedlemmar i skulekorpset, frå v.: Lill Bjørdal, form., Åge Evensen, Inghild Storstein og Knut Hanssen.

VEDTEKTER FOR SMÅBÅTEIGARLAGET

Det er kalla inn til allmannamøte i Småbåteigarlaget tysdag 9. 11 (sjå annonse). På møtet vert det lagt fram framlegg til vedtekter for laget, og vi er blitt bedne om å gjere kjent dei viktigaste paragrafane i dette framlegget.

§ 1 omhandlar selskapsforma, og her heiter det at Hellesylt Småbåteigarlag er eit partslag med skiftande medlemstal, vekslande kapital og avgrensa ansvar. Resten av paragrafen omhandlar hefte for forpliktingar og at forretningskontor er på Hellesylt.

§ 2 er formålparagrafen. Formålet med partslaget er å delta i bygging og drift av småbåthamn på Hellesylt. Organisasjonar, samanslutningar og einskildpersonar kan vere partseigarar. Partslaget har ikkje økonomisk vinning som føremål.

§§ 3 og 4 omhandlar inndeling av partar og innbetalinga av desse, samt reglar for sal og overdraging av desse. Her heiter det mellom anna at sal eller overdraging av tildelte selte partar, evt. framleige av båtplassar skal skje gjennom laget (v/ styret) etter ansienitet på venteliste. Unntak kan gjerast av styret.

§ 5 omhandlar årsmøtet, som er partslaget si høgste myndighet. Ordinært årsmøte skal hal-

dast ein gong kvart år innan utgangen av februar. Vidare inneheld paragrafen reglar for ekstraordinært årsmøte, reglane for innkalling til årsmøte og kva saklista på årsmøtet skal innehalde, og kven som har røystrett på årsmøtet.

Styret i laget skal vere på 5 medlemmar med 3 varamedlemmar. Alle skal veljast av og mellom partshavarane på ordinært årsmøte for 2 år om gongen. 2 eller 3 medlemmar vert på val kvart år for å sikre kontinuitet.

I paragrafen er vidare fastsett valet av dei ymse styremedlemmane, og om oppgåvene til styret heiter det:

— Styret skal stå for gjennomføringa av dei vedtaka som årsmøtet gjer. Styret har tilsyn med og avgjerd i alle saker som vedkjem den daglege drifta av hamna og laget. Styret er forvaltar av laget sine eigedommar og midlar. Styret skal ved kasseraren syte for at det vert ført nøyaktig rekneskap til kvar tid.

Vidare er teke med om styremøta.

§ 6 inneheld reglar for endring av vedtektene. § 7 omhandlar løysing av tvistemål og i § 8 vert det fastsett reglar for event. eksklusjon av partseigarar.

Bondekvinnelaget:

NARKOTIKAUTVAL I STRANDA KOMMUNE

Sunnlyven Bondekvinnelag v/ formannen, Pauline Røyhus, har sendt eit ope brev til Stranda formannskap, der det vert bede om at det vert nemnt opp eit Narkotikautval i Stranda kommune. Vi gjev att brevet her.

Sunnlyven Bondekvinnelag ser med uro på utviklinga i samfunnet når det gjeld den aukande bruken av narkotiske stoff mellom dei unge.

Møre og Romsdal Bondekvinnelag hadde denne saka oppe på årsmøtet i 1982.

Politiadjutant Per Sefland i Kristiansund uttala på eit møte at inga bygd i Møre og Romsdal er fri for narkotika. Mange vil vel tenkje med seg sjølv at dette

ikkje kan finnast i mi bygd, men Sefland visste nok kva han snakka om, så i alle fall har nok kvar kommune vore borte i problemet.

Då det alltid er lettare å forebyggje enn å lækje, vil Sunnlyven Bondekvinnelag oppmode Stranda kommune om å nemne opp eit narkotikautval.

I eit slikt utval bør det vere med personar frå alle bygdelag, først og fremst slike som arbeider i ungdomsskulen og frå sosialkontoret, gjerne sosialsjefen. Vi kjenner til ymse opplegg i andre kommuner, som vi viser til om det er interesse for det.

Så håper vi at Stranda kommunestyre tek dette alvorleg og nemner opp eit aktivt utval.

Helge Fivelstad og til instruktøren for aspirantane, Anders Langøyli.

Den musikalske kvaliteten har i alle fall vore i god framgang, og ein vonar at det også vil halde fram i komande år, heiter det i årsmeldinga, der ein og rettar ei takk til alle som gjer sitt for å halde korpset i gang.

Ved vala hadde desse sagt frå seg attval: Solveig Høgalmen, Roger Tryggestad, Kristi Ringdal, Jon J Tryggestad. Valkomiteen hadde kome med framlegg på Lill Bjørdal som ny formann, og ho vart samrøystes valt. Styremedlemmar vart:

Astrid Taraldset, Åse Sæter, Inghild Storstein, Knut Hanssen, Åge Evensen og Knut Sundgot. Dessutan vel korpset ein repr. i styret, som sjølv vel nestformann og sekretær.

Valnemnd:

Ivar O Aasen (form), Jenny Åsen og Kjell Runde.

Tilsynsnemnd:

Margot Nybø, Gunnhild Sårheim, Knut J Tryggestad og Ola Fivelstad.

Revisor: Arnfinn Tryggestad.

Etter valet vart det servert kaffi og kaker, og brus til korpsetsmedlemmane. Ei enkel utlodding gav som resultat ca. kr. 700,- til korpsekassa.

Lions med ungdomskveld:

EIN LEKK I AKSJONEN MOT MISBRUK AV RUSGIFTER



Sist fredag skipa Lions Club, Hellesylt til ein ungdomskveld som ein lekk i aksjonen mot rusgifter som klubben står for. Arve Flem og Harald Bjørlykke frå Ålesund var til stades og synte ljusbilete og fortalde om skadeverknadane ved misbruk av rusgifter. Eit firma sytte for alkoholfrie drikkevarer til ungdommane, og ein hyggjeleg kveld i Grandkjellaren vart avslutta med dans til discotek- musikk.

110 sanitetskvinner på treff i Hornindal

Laurdag 30. oktober var medlemmane i Sunnylvn sanitetslag inviterte til Räftevold Hotell og hyggjeleg samvær av Hornindal sanitetslag. Gledelig mange tok turen, og arrangementet samla rundt 110 sanitetskvinner frå dei to bygdene.

Formannen i Hornindal sanitetslag, Pernille Tomasgård, kunne såleis ynskje vel møtt til ein fullsett sal, og ho gav første ordet til Eli Ytrehorn. Ho synte lysbilete og fortalde frå Zaire, der ho budde ei tid saman med foreldra sine som var misjonærar. Levesett og kleskikk har vore og er ulike våre, men tidene skifter og større kontakt med verda omkring, endrar både livssyn og levemåte til mange afrikanarar.

Programmet baud også på sang og musikk av to damer frå Hornindal. Etter dette var det bevertning. Det vart servert ein varmrett, blautkake og kaffi i spisesalen på hotellet. Då alle var samla i »Dølen» etter matpausa, fortsette programmet med opplesing, allsong og dikt. Etter ei lynutlodding fekk så Anne Gausdal ordet og takka for invitasjonen. Ho hadde tru på at slike samvær har stor verdi for kontakt og inspirasjon til vidare arbeid innan dei to sanitetslaga. Som eit synleg teikn på glede og takk frå Sunnylvn sanitetslag, overrekte ho ein fin blomsterdekorasjon til Pernille Tomasgård. Som tidlegare barndomsvenner var det artig at dei skulle ved dette hø-

vet møtast som formenn for kvar sitt sanitetslag på kvar si side av fylkesgrensa.

Kari Hauso Stadheim fortalde etter dette i korte drag frå dei oppgåvene Sunnylvn sanitetslag har arbeidd med i den siste tida.

Så var det sjukepleiesjefen som synte bilete og fortalde frå Finnmarksvidda. Ho hadde ei tid arbeidd i dette distriktet og kunne skildre dei forhold folk lever under. Dikt og ein samisk song var også lagt inn i denne skildringa. Borgny Haug heldt så ei fin andakt.

Til slutt fekk så styraren for aldersheimen i Hornindal ordet. Ho orienterte kort om den nye »heimen», før ho inviterte alle til synfaring. Turen gjekk så frå hotellet til aldersheimen der vi fekk sjå ein fin og moderne aldersheim som Hornindal kommune kan vere stolte av. Her overrekte Anne Gausdal blomar og ynskta tillukke med den nye »heimen».

Etter dette var det å takke for seg og ta på heimveg. Det var ein fin dag for oss sunnylvingar, som alt gled oss til neste gong Hornindal og Sunnylvn sine sanitetslag kan møtast over fylkesgrensa.

— i.o.m.



Hornindal Sanitetslag baud på eit interessant og variert program i tillegg til god bevertning. På biletet ser vi to damer som underheldt med song og gitarspel. Diverre kjenner vi ikkje namna på dei i redaksjonen.

SANITETSBASAREN

VERT I ÅR FREDAG 19. NOVEMBER
KL. 19.30, PÅ SAMFUNNSHUSET

Styret.

SYNFARING AV FRILUFTSOMRÅDE



Biletet viser det området ved Røyhus som kommunen har fått tilbod på til parkeringsplass.

Mandag 25. oktober var ein mannsterk delegasjon på synfaring i området ved Kjellstadli på grensa mellom Hornindal og Stranda kommuner. Her såg ein mellom anna på område for hyttebygging, på den planlagde skytebana, på areal for parkeringsplass til utfartsområdet i Terdalen og på området for eit eventuelt skitrekk. Siktemålet er at ein skal få desse prosjekta inn på ein interkommunal soneplan for friluftsliv.

Det er teknisk sjef Tor Torheim i Stranda, som opplyser dette til »Sunnylvingen». Saman med han var representantar for plannemndene og miljønemndene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, idrettskonsulentane i

dei to fylka og målsmenn for Hornindal og Stranda kommuner med på synfaringa.

På denne synfaringa fekk dei ulike organa nyttig orientering om planane, og etter den vidare tidsplanen skal planarbeidet avsluttast i 1983.

SYNFARING I HELLESYLT SENTRUM

Tidlegare på dagen var representantane frå Møre og Romsdal fylke og frå Stranda kommune på synfaring på Hellesylt. Her såg dei mellom anna på grusbana som er anlagt. (Meir om dette på annan stad i avisa). Vidare såg ein på plasseringa av ein marina i Hellesylt sentrum. Her opplyser Torheim at det kanskje helst var stemning for å leggje marinaen ved grusbana, og ikkje ved kaiområdet. Men dette er sjølvstøtt spørsmål ein seinare må ta opp med dei interesserte partane, og gjere dei nødvendige politiske vedtak på.



Pernille Alme Tomasgard

KASSETTAR MED LOKALE AKTØRAR

Stranda Ungdomslag og Stranda kommunale musikknemnd har gått saman om eit prosjekt som tek sikte på å gje ut tre kassettar med opptak av lokale aktørar frå Stranda kommune. Bakgrunnen er at det i kommunen finnst ei rekke aktive grupper og enkeltpersonar som ligg på eit så pass høgt kvalitetsnivå at det bør samlast og gjevast ut slik at det kan vere til glede og stimulans for folk flest. Eit moment er også at det er viktig å ta vare på det som finnst av kulturaktivitet på dette området for ettertida.

Kassetane vil omfatte musikk, song, diktlesing og gode historier for å nemne hovudgruppene. Andre ting som er aktuelt, vil også bli vurdert tatt med.

Det er vel ikkje for mykje å seie at dette vil bli ei kulturmonstring av rang. Fleire hundre aktørar vil få nye mål å arbeide mot og vere engasjert i dei to næraste åra.

Ein tek sikte på å kome med den første kassetten til 17. mai 1983. Den siste vil kome til jul - 84.

For å gjennomføre prosjektet er det vald ei prosjektgruppe med fire medlemmar. Det er Harald Lied - formann i musikknemnda, Vidar Skogly - rektor ved musikkskulen, Egil Orten - formann i Stranda Ungdomslag og

Ole Bjørn Siem - representant for selskapet som skal lage kassetane.

Prosjektgruppa arbeider no med å finansiere tiltaket. Ein har langt på veg finansiert den første kassetten og planlegg no finansieringa av den neste.

Bortimot førti aktørar har fått innbyding til å vere med til no. Dette er slike ein veit om finst. Men ofte er det slik at mange lever med sin »kunst» i det stille, og desse ønskjer prosjektgruppa å kome i kontakt med.

Etter dei første reaksjonane å døme, er det stor interesse for å bli med på kassetane. Det skulle tyde på at ein monaleg auke i aktiviteten rundt om i kommunen i tida frametter.

KONSERT TIL STØTTE

FOR MUSIKKLIVET

Sist søndag vart det også på Hellesylt skipa til ein konsert i samband med aksjonen til støtte for musikklivet. Lokal tilskipar var Kjellstadguten Spelmanslag og Stranda komm. musikknemnd. Rundt 100 var til stades på konserten på Sunnylvn Samfunnshus.

Rektor ved den kommunale musikk-skulen, Vidar Skogly, orienterte først om bakgrunnen for aksjonen og om det frivillige musikkarbeidet i kommunen. – Vi har no 8 kor, 4 korps og 7 orkester/spelmanslag i kommunen, og desse aktiviserer rundt 450 aktørar. Dette tilsvarar rundt 1/10 av innbuarane i kommunen, fortalde Skogly. Skogly refererte og frå programma til kommunepartia, og fann mange fagre løfter der, som han vona no ville bli sett ut i livet.

Men det var ei frykt hos Skogly for at ein også på det kommunale plan kunne få nedskjer-inger i løyvingane til musikk- livet.

I konserten medverka kor og orkester frå Sunnylvn. Først i elden var Kjellstadguten og så barneorkesteret »Sylvelin». Korpsaspirantane og skulekorps- et medverka med kvar si avdel- ing, og Hellesylt Songlag stod for innsalget med korsong. Kjellstad- guten avrunda ein vellukka kons- ert med ei ny avdeling.




Over t.h.: Vidar Skogly, og over barneorkesteret »Sylvelin» m/ dirigent Anders Langøyli.

MØT HØSTEN I SK-BUKSEN

Design

SK DESIGN



Vi har nå stort utvalg i ullflanell og Cordbukser for voksne og barn. Gensere, vester, jakker Skjorter, bluser og skjørt for damer og barn til fordelaktige priser.


Velkommen inn til en
GOD HANDEL

HOS

Sunnmørsklær A/S

Tlf. 60 388 – 6200 Stranda

Ute i arbeidslivet



Elevane i 9. klasse har nyleg vore ute i ei såkalla arbeidsveke på ulike bedrifter her på Hellesylt og på Stranda. Ei kjærkomen og sikkert og lærerik avveksling frå det daglege skulearbeidet. På biletet er Sverre Sæther i arbeid i firmaet Trygg Trykk på Hellesylt.

Kulturpris i Stranda

Kulturstyret i Stranda ynskjer også i år å dele ut ein Kulturpris for Stranda kommune. Om fristen for å kome med framlegg på kandidatar, viser vi til annonse på annan stad i avisa.

I retningslinene for Kulturprisen heiter det m.a. at formålet er å stimulere lag, grupper eller personar i arbeidet for utbreiing/ utøving / organisering av ulike kulturaktivitetar i Stranda kommune.

Kulturprisen kan gjevast til ein- skildpersonar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar som høyrer heime i Stranda kommune, og som har vist ved- varande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege.

Kulturprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller til landsomfattande organisa- sjonar som hovudsakleg finansi- erar arbeidet sitt ved offent- lege midlar, heller ikkje til personar som er tilsett av det offentlege til å drive kultur- arbeid eller kulturvern.

Kven som helst kan kome med framlegg på kandidatar til prisen. Kulturstyret i Stranda avgjer om prisen skal delast ut, kven som skal få prisen – i tilfelle deling – kor stor del kvar skal få. Kulturprisen skal vere på kr. 2.000,- (to tusen kroner). Den skal delast ut av kultur- styret ved høve.

Kulturprisen kan delast ut berre ein gong til same person/lag/ gruppe for same aktivitet.

Sunnylvn Indremisjon:

Årsmøte 7. november

Ein minner om at Sunnylvn Indremisjon har årsmøte med festleg tilstelling Helgemessesøn- dag 7. november 1982 kl. 14.00 i Bedehuset, Hellesylt. I det høve kjem formannen i Sunnmøre Indremisjon, skulesjef i Giske kommune, Odd Giske hit og blir med som talar på festen.

Helgemessesøndagen har vore fast årsmøtedag for Indremis- jonen i Sunnylvn i alle år, og no er det 92 år sidan laget vart skipa og meldt inn i samskip- naden Sunnmøre Indremisjon, som i år har høgtida sitt 100- års jubileum m.a. med stor jubileumsfest i Fagerlihallen i

Ålesund, der nær 1800 men- neske var samla.

Ein skulle ønskje at retteleg mange både unge og eldre ville møte fram til festen i bedehus- et kl. 14.00 på søndag, så 100- års jubileet kunne bli markert på ein verdig måte også her.

Det er utgjeve ei vakker og inn- haldsrik jubileumsbok: » 100 år med ordet om korset», som ein kan tinge ved å vende seg til formannen i laget.

På festen blir det teke opp kol- lekt til arbeidet. Sjå elles lysing innteke annan stad i bladet.

BINGO / BASAR

på Sunnylvn Samfunnshus, Hellesylt, søndag
7. november kl. 19.30.

Etter bingoen trekking av Lions-lotteriet.

Vinst: Ein Stressless original m/krakk, verdi
kr. 3.750,-



EKORNES
STRESSLESS ORIGINAL
Trinnløs regulerbar hvilestol.



Lions Club Hellesylt
6218 Hellesylt

Denne annonsa er betalt av Ekornes Grodås a.s

ALLMANNAMOTE

Alle som er interessert i småbåt plass i den tiltenkte
småbåthamna, vert med dett kalla inn til møte tys-
dag den 9. november kl. 19.00 på skulen, rom 10.

På denne måten vil vi i styret få ei oversikt over kor
mange medlemer som vil vere med på prosjektet.

Hellesylt Småbåteigarlag
Leif Sundgot, formann

Sunnylvn Indremisjon

Helgemessesøndag 7. november har Sunnylvn
Indremisjon årsmøte med festleg tilstelling i bede-
huset kl. 14.00 (2).

Formannen i Sunnmøre Indremisjon, skulesjef Odd
Giske, kjem hit som talar på festen. Elles variert
program. Årsmøtesaker.

Sokneprest Roger Juul, som kjem frå gudsteneste i
Geiranger, blir truleg med på siste halvpart av
festen. Servering av mat og kaffi.

Kollekt til arbeidet.

Unge og eldre hjarteleg velkomne!

Vellukka

stamfiskkast

—Det årlege kastet i Steims-
hølen etter stamlaks, var svært
vellukka, fortel Arne Korsbrekke
til »Sunnylvingen». Rundt 70
fiskar vart tekne opp, om lag
halvparten han- og halvparten
ho-fisk.

Korsbrekke fortel at ein alt er
byrja tappe rogn, og at ein rek-
nar med å få meir rogn enn ein
har plass til i deira eige klekke-
ri. Den overskytande rogn vert
sendt til Vatne, og derifå får
ein seinare att setjefisk.

Rev med

skabb skoten

På Fivelstad har Oddmund Fivel-
stad nyleg skote ein rev som var
angripen av skabb. Ein annan
rev som og tydeleg var smitta,
har vore sett like ved husa, men
det har ikkje lukkast å få ta
knekken på han.



Årets mest omtalte?

KORVALDS MEMOARER



«Viktig stoff som
ikke har blitt pub-
lisert tidligere».
Per Øyvind Heradstveit.

ROCON

NÅ I BOKHANDELEN



Stranda Bokhandel

Tlf. 60 061

6200 STRANDA

KUNNGJERING
OM STADFESTING
AV REG. PLAN
RINGDALSÅSANE,
HELLESYLT

I medhald av § 27 i byg-
ningslova av 17. juni
1965, og etter fullmakt
av 2. juli 1973 frå Miljø-
verndepartementet, har
Fylkesmannen i Møre og
Romsdal i skriv av 10.02.
og 31.08.82. stadfesta
reg.plan (med føresegner)
for RINGDALSÅSANE,
Hellesylt.

Dokumenta i saka er lagt
ut på bygningssjefen sitt
kontor. Ein kan klage på
stadfestinga til Miljøvern-
departementet innan tre
veker etter denne kunn-
gjeringa. Klagen, som bør
vere grunngjeven, vert å
sende til Fylkesmannen
i Møre og Romsdal.

Stadfesta reg.plan er
bindande innanfor plan-
området for alle arbeid
og tiltak som er nemnde
i §§ 84 og 93 i bygnings-
lova.

Krav om erstatning og
innløyning etter §§ 32
nr. 1, og 42 i bygnings-
lova, må vere sett fram
seinast eitt år etter denne
kunngjeringa, eller eitt år
etter at evt. byggverk er
fjernt. Slike krav skal ein
rette til kommunen.

Bygn.sjefen i Stranda.

1. ETG. KOSMETIKKAVD.

BARNEAVDELING

KLÆR OG UTSTYR FOR BABY~BORN

DAMEAVDELING

UTVALET I DAMEKLÆR PÅ TOPP

* * * * *

2. ETG. UNGDOMSAVD.

KLÆR FOR „HAN OG HENNE”

RYKANDE FERSKT:

JEANS I BØRSTA TWILL MED

SNÖRING I LIVET

MODELL: NEW BOARDER•LEVIS

VELKOMEN TIL

STRA•KO•FA S

STRANDA - TLF. 60077

Ring 60 979....



... og ting tid straks. Vi tek gode fargeportrett
som kan bli årets julegåve om du skundar deg.
Den 20. november set vi strek for fotografering
för jul.

P. S. Du kan også få fine julekort av bilda som
vi tek i studio.



Fotograf
Vassbotn
6200 STRANDA Tlf. 60979

UNDERHALDNINGSKVELD

i Stranda Ungdomshus
laurdag 6. november kl. 19.30.
Sang - Musikk - Sketsjar - Kåseri - Opplesing
Servering av mat og kaffi.
Ca. kl. 22.00.

Gammaldans

Sykkylven Trekkspelklubb (6 trekkspel) og
Stranda Spelemannslag spelar.
Bill.: Underholdning kr. 30.-, Dans kr. 35.-

Arr. Stranda Spelemannslag

Friidretts-treningane

FOR JUNIOR, SENIOR OG VETERAN
ER STARTA OPP ATT

Måndag - onsdag - fredag

KL 19.15 VED SKULEN

Onsdag også med spenst og styrketrening i
sal. Ta med fottøy for innebruk.

S.I.L. - Fri-idrett.

**NÅ PUSSE
DU OPP**

VINYLTAPET
av topp kvalitet

65⁰⁰
pr. rull

TEKSTILTAPETER
fra kr

10⁰⁰
pr. lm.

GOLVBELEGG

- over 30 mønster på lager
- mange nyheter
- restesalg

VIDEOPROGRAMMER

I butikken kan De se film om Årets tapet-
nyheter, Våtrom, Tapetsering m.v.

**SPØR MALER'N
...FAGMANNEN**



Fargeservice a.s

TLF. (071) 60 910 - 6200 STRANDA

Hvorfor kjøpe dyrt

når vi her kan tilby
PRIMA BOBLEKLÆR
til svært lave priser



Barn fra kr. 195,-
Damer fra kr. 305,-
Herrer fra kr. 350,-

Farver: Hvit - burg. -
rød - marine-blå.

M. M.

Ta turen innom

Peco-Klær

Fagmessig innraming av:

- ★ FOTOGRAFIER
- ★ MÅLERI - GRAFIKK
- ★ BRODERIER
- ★ PLAKATER
- ★ REPRODUKSJONER
- ★ OPPKLEBING
- ★ LAMINERING

- ★ ALT I BEVARANDE
INNRAMING

SNØGG LEVERING - RIME-
LEGE PRISER

**FOTO VASSBOTN
RAMEVERKSTAD**

6200 STRANDA - TLF. 60 979

Topp bruktbiler med lav km-stand	
-91 Toyota Carina	10 800 km
-79 Audi 80 LS	55 000 km
-78 Mazda 616 DX	42 000 km
-77 Opel Kadett C	40 000 km
-77 Mazda 629 st.v.	70 000 km
-77 Mazda 616 DX	75 000 km
-77 Mazda 629 Coupé	76 000 km
-77 Renault 12 TL	55 000 km
-77 Ford Escort 1.3	64 000 km
-76 Ford Escort	19 000 km
-76 Opel Kadett	28 000 km
-76 Audi 80 S	56 000 km
-76 VW Passat C.C.	90 000 km
-76 VW Boble	44 000 km
-76 Autobianchi	65 000 km
-75 Fiat 128 Raliy	80 000 km

Åpent også lørdag.

Karstad

Stryn - (057) 71 011

FARS DAG

Søndag 14. november



Godt utval i

SKJORTER

BUKSER

UNDERTØY

RAGGAR

NATTDRESSAR

STIL-LONGS

ETTERBARBERINGSVATN

FARSKOPPAR

PARAPLYAR

TA TUREN TIL „JETTEGRYTA“

Ringdal & Co

Hellesylt - tlf. 63 220

Kanting av tepper

VI MOTTAR TEPPERESTER FOR KANTING

kontakt

Stranda Interior a.s

6200 STRANDA

Telefon (071) 60 533



Mot bil-rust MERCASOL

Understellsbehandling med garanti

- Eit kvalitetsprodukt frå Geveco a.b

Sven Bøe as

6230 Sykkylven - Tlf. 52 525

STORT SKOGSHOW

LAURDAG 13. november kl. 09.00 - 15.00.

HOS VICO MASKIN A.S I SVEMORKA

1. Demonstrasjon av: STHIL motorsager
Kappsag montert på traktor
Vedkløyver, Skogsvinsjer
2. Gratis sjekk og justering av din gamle motorsag.
(Uansett merke).
3. Gunstige innbytte-tilbud på gamle sager.
4. Den nye STHIL 024 proffsag vises.
5. Veiledning om stell og bruk av motorsager.
6. Filmframsyning om skogsarbeid.
7. Spesielltilbud på mange redskap (nye og brukte)
og varer.
8. Enkel servering.

VICO Maskin a.s
DISTRIKTETS JORDBRUKS OG SERVICESENTER
6200 STRANDA - TLF. 071 - 60 811

VELG DIN PARTNER HOS OSS!

PARTNER motorsager, jordfresere og verneutstyr
POLARBJØRN snøfresere
DIMA høytrykksrensere
SKIL elektroverktøy

Reparasjon av alle typer motorsager.

ERLING LJØEN i samarbeid med **FINN OSE**
6128 HELLESYLT, tlf. 63 256 6200 VOLDA, tlf. *76 880

Tannlege Claus Ryste

STRANDA

tek imot pasientar alle dagar.

Timebestilling i tlf. 60 702.

Adr.: 3. etg. i gamle P. I. bygget.

**DU KAN SPARE
SKATTEFRITT
TIL AKTIVE
PENSJONSÅR**

SPØR OSS

Assurandør Svein Olav Hovdenakk

Tlf. 52 095 - 52 480

Indre Sunnmøre Gjensidige Branntrygdslag

Tlf. 60 246 - 60 418

Tiden går



**GJENSIDIGE
består**

HJARTELEG TAKK

for blomar, all medfølelse
og deltakelse ved vår
kjære mor og svigermor,
Inga Marie Nybø sin sjuk-
dom og bortgang.
Born og svigerborn.

Telefonar til Sunnlyvingen

63 223 - 63 306



Spar penger!
Rens selv Deres tepper og møbler
med Scanclean utleiemaskiner.

SCANCLEAN
UTLEIEMASKINER

Skal du leige tepperense-
maskina til jul, så ver ute i
god tid.

Kontakt oss for nærare avtale

N. O. STOKKE EFTF.
Tlf. 63 216

ALT I

Ur - Brillor - Musikk

JON FRAMHUS

UR - OPTIK
6200 STRANDA

**Kjøttvarer
i
toppklasser**



Ole Ringdal a.s.

Hellesylt

Gulvbelegg

VINYLFILT 2 m. breidde, beige farge
Pris pr. kvm. 19,50

200 kvm. breidde 4 m
Pris pr. kvm. kr. 38,50

400 kvm. breidde 4 m.
Pris pr. kvm. kr. 46,-

Berberteppe (ull/akryl) breidde 4 m
Pris pr. kvm. kr. 77,-

Stort utvalg i rester
÷ 50%

Tepper

Maling

RAKVES
FARGEHANDEL

6220 STRAUMGJERDE - 071-51071

ÅPNINGSTILBUD!

RELIEFFMØNSTRA VINYLBELEGG ny bredde i Norge
2,75 og 3 m. veil. pris kr. 80,00
Introduksjonspris kr. 68,00

Tapeter

Strietapet bredde 90 cm.

Tekstiltapet bredde 90 cm.

Rester og utgåtte design uansett førpris

Vinyltapet (restparti) 5 m²

Papirtapet 5 m²

Våtromstapet 5 m²

Pris pr. lm. kr. 13,-

Pris pr. lm. kr. 18,-

Pris pr. lm. kr. 10,-

Pris pr. rull kr. 48,-

Pris pr. rull kr. 38,-

Pris pr. rull kr. 170,-

Kvit strukturmaling

Kvit takmaling 12 ltr. emb.

Kvit takmaling 4 ltr. emb.

Panellakk 3 ltr. emb.

Restparti utemaling

Kvit dekorstein

Pris pr. ltr. kr. 24,-


Pris pr. ltr. kr. 15,-

Pris pr. ltr. kr. 17,-

Pris pr. ltr. kr. 29,-

Pris pr. ltr. kr. 9,-

Pris pr. m² kr. 150,-



4245

**OPNINGSTIDER
FOR
BIBLIOTEKET I
SUNNYLVEN**

ONSDAG 1600 – 1800
LAURDAG 1100 – 1300

UTBETRINGSLÅN

Stranda kommune har ca. kr. 90.000,- til rådvelde som lån til utbetring av bustader for eldre, uføre og personar med spesielt behov. Kontakt sosialkontoret innan 10. november, tlf. 60 044.

Sunnylvingen

KJEM UT MED NESTE NR. 18. NOVEMBER

KULTURPRIS

FOR STRANDA KOMMUNE 1982.

Kulturstyret i Stranda ynskjer å dele ut ein kulturpris for Stranda kommune for 1982.

Prisen kan gjevast til einskildpersonar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar som høyrer heime i Stranda kommune, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege. Dersom du har framlegg på kandidat, kan du sende det inn til kulturstyret innan 15. november d.å. Legg også ved ei kort grunngjeving for ditt framlegg.

STRANDA KULTURSTYRE

håndstrikket



fritidsgarn

ren ny ull

Tykt, lett og luftig garn. Raskt å strikke med. Kom inn og se høstens nye oppskrifter og få med hjem gratis fargebrosjyre som viser alle nyhetene. Fritidsgarn – et populært garn til fritidsplagg.

Kvalitet lønner seg!



STRANDA – TLF. 60 012

**NYTT FRÅ
SPAREBANKEN**



SMS

Gjennom heile året

SMS står for «Sparing med skattefrådrag» som er vårt beste sparetilbod. No er summen du kan spare kvart år, auka til kr. 8000,- i skatteklasse 2.

Skatten blir redusert med heile 40% av den oppsparte summen, altså får du kr. 3200,- mindre i skatt. I skatteklasse 1 er tala kr. 4000,- i sparesum og kr. 1600,- i spart skatt.

Sparing med skattefrådrag gir ei rente på 32% (!) etter 4 års sparing, dersom du nyttar summen til bustad. Etter ti års sparing er renteutbyttet 19% – altså langt betre enn ved noko anna form for sparing.

Hugs at sparebanken kvar månad kan ordne gratis overføring frå din lønskonto til konto for sparing med skattefrådrag.


Vil du vite meir, så kontakt sparebanken.

SUNNYLVEN SPAREBANK

– Bygda sin eigen bank –

Aurora

Håndlaget fra Finland



Løstun Kloster Lys

Finisk design markerer seg – også i AURORA fra Nuutajärvi. Akkurat nå til en spesielt gunstig pris i vår TIL BORDS-forretning. Design: Heikki Orvala.

Priseksempler: Før NA
Lysstake 19 cm kr. 193,00 kr. 148,00
Lysstake 34 cm kr. 241,00 kr. 186,00

Krosno

Håndlaget



Løstun Kloster Lys

Håndlagete staker og kvalitetslys skaper lysfest i den mørke årstid. Akkurat nå kan du kjøpe KROSNO håndlagete staker utrolig billig i vår TIL BORDS-butikk.

Priseksempler: Før NA
Stake kr. 37,30 kr. 29,50
Stake kr. 65,40 kr. 49,00

ØKONOM A.S


MØBLER - TEPPER - LAMPER - GLASS - STENTØY

6200 STRANDA



NORGES STØRSTE KJEDE I GLASS, STENTØY OG GAVEARTIKLER.

Det gamle Foto



Parti av Tryggestad og Lillebø Sunnelven.



Biletet under vignetten »Det gamle foto» er teke i 1900 og viser parti frå Tryggestad og Lillebø, slik det såg ut der på den tida. I dei siste åru er det kome opp mange nye våningshus på gardane her, men mange av husa vi ser på biletet står der enno. Likevel legg vi merke til at ein del tun som »Syver» og »Petter» tuna har husa annleis plasserte enn rundt hundreårsskiftet. Nederst til venstre på det øvste biletet ser vi meieriet som var i drift i grenda.

KRONERULLINGA GÅR VIDARE

Desse har betalt:

Roger Tryggestad
 Martin Janssen
 Ingjerd Hauge
 Sigrid Hauge
 Kari Hauso Stadheim
 Ingolf Ringdal
 Åsta Frøysa
 Pauline Røyrrhus
 Kristine Ringdal
 Arnfinn Tryggestad
 Magne Hole
 Solveig Helset
 Margot Meek Ringdal
 Kjelly Frøysa
 Oddlaug Ringdal
 Margreta Janssen
 Olav Åsen
 Pernille Åsen
 Leif Sundgot
 Anne Marie Stokke
 Kristen O. Ringdal
 Sigrid Frøysa Åsen


Innbetaling frå lag:

Sunnlyvsbygda Grendalag kr. 500,-
 Sunnlyven Bondekvinnelag » 350,-

Kronerullinga til Sunnlyven Samfunnshus går vidare. 22 ein-skildpersonar og to lag har betalt inn sidan sist.

Desse er utfordra:

John Langeland, Rune Tryggestad, Leif Egil Åsen.
 Knut A Hole, Jan Erik Øksvang, Kristian Helset.
 Britt Hauge, Anne Rusten, Margreta Helset Janssen.
 Kirsti Rusten, Agnes Hauge, Aslaug Rørhuus - Øie.
 Lill Bjørdal, Ruth Frøysa, Solbjørg Alme.
 Laila Røyrrhus, Margaret Sæther, Oddveig Kjellstad.
 Olga Evensen, Edith Tryggestad, Liv Sætreås.
 Lars P Korsbrekke, Kåre Hellesylt, Nils Tryggestad.
 Rolf Sæten, Knut J Tryggestad, Leif Sundgot.
 Åge Evensen, Astrid Taraldset, Ann Janne Hole.
 Gunnvor Parr, Arvid Frøysadal, Gunn Tryggestad.
 Edith Nybø, Kjellaug Åsen, Nils Ringdal.
 Ragnhild Hellebostad, Anne Grete Helset Frøysa, Randi Helset.
 Nils E Frøysa, Steinar Røyrrhus, Erling K Hole.
 Inghild Storstein, Sonja Fjørtoft Hole, Oddbjørg Tryggestad.
 Petter Ringdal, Ivar A Ringdal, Einar Stokke.



SKYTING

Siste feltstemnet i år går først-komande søndag på Tua.

Sunnlyven Skyttarlag skipar til ope stemne i miniatyrskyting søndag 13. Stemnet vert på Sunnlyven Samfunnshus.

Bondekvinnelaget

Sunnlyven Bondekvinnelag vil be inn alle medlemmar og andre som har interesse av å vere med på kveldsmøte i Bondekvinnelaget.

Då det er mange som ikkje har høve til å gå på møte om dagen, vil vi prøve ein ny vri for at også desse skal få høve til å vere med.

Tid og stad vert kunngjort i neste nr. av »Sunnlyvingen».

ADVOKAT

Olav V. Myklebust

M.N.A.

Adr.: P. I. bygget, 3. etg.

Kontorid: Mandag-fredag 09.00-16.00
 Laurdagar etter avtale

TEL. 60 133
 6200 STRANDA